



RÅDSMEDLEMMENE OG RÅDMANNSFORUM

INNKALLING TIL MØTE I HARDANGERRÅDET

Dato: Onsdag 22.01.2020

Klokka 10.00-14.30 **MRK Tidsramma for møtet !!**

Stad: Heradstyresalen i Ulvik

Møteplan 2020 for Hardangerrådet, godkjent 24.10.2019 gjeld som møteinkalling.

Agenda:

10.00 - 14.30 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

- | | | |
|--------|-------|---|
| HR-sak | 01/20 | Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 06/20. |
| HR-sak | 02/20 | Meldinger |
| HR-sak | 03/20 | Skjønnsmidlar til fornying og innovasjon i kommunane 2020 - prosess for tildeling |
| HR-sak | 04/20 | Godkjenning av vedtekter for Hardanger ungdomsråd |
| HR-sak | 05/20 | Vidareføring av regionalt samarbeid i Hardanger - drøfting |
| HR-sak | 06/20 | Orientering- og drøftingssaker |

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 15.01.2020

Torgeir Næss/s
rådsordførar

Jostein Eitrheim
dagleg leiar



| | |
|---------------------|--------------------------------|
| Møtedato 22.01.2020 | Saksansvarleg Jostein Eitrheim |
|---------------------|--------------------------------|

HR-sak 03/20 Skjønsmidlar til fornying og innovasjon i kommunane 2020 - prosess for tildeling

Saksvedlegg:

Vedlegg: Skjønsmidlar til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane 2020
Brev fra Fylkesmannen i Vestland

Saksutgreiing:

Regionråda i Hordaland har frå 2014 hatt ei koordinerande rolle i samband med søknadsprosessen og rapporteringa. Denne rolla for regionråda var tenkt å føra til ei sterkare interkommunal forankring på høgt politisk nivå, også med sikte på prioritering mellom søknader og prosjekt.

I årets brev frå Fylkesmannen i Vestland vedr. Skjønsmidlar til fornying og innovasjon (prosjektskjøn) i kommunane 2020 skriv Fylkesmannen m.a.

Prosess for tildeling

I Hordaland har det tidlegare vore ein søknadsprosess der regionråda har hatt ei koordinerande rolle. Fylkesmannen har vore ansvarleg for sjølv tildelinga, men denne har i stor grad bygd på prioriteringane frå regionråda. I Sogn og Fjordane har KS hatt den same rolla. Vi har vurdert om det er føremålstenleg at regionråda og KS framleis skal ha denne rolla knytt til prosjektskjøn no når kommunestrukturen har blitt endra. Vi er kome til at kvart av regionråda og KS sjølv kan ta stilling til om dei ønskjer å ha denne rolla i 2020. Det inneber at dei kan vurdera søknadene og sende brev til Fylkesmannen med prioritering og grunngjeving om dei ønskjer det.

Saksvurdering:

Hardangerrådet har årleg sidan 2014 vedteke i prioritering mellom kommunane sine søknader om prosjektskjøn. Desse prioriteringane har i stor grad vore bygd på Fylkesmannen sine føringer for satsingsområde for det enkelte år. I ein del tilfelle har søknader ikkje vore ferdigstilte når Hardangerrådet har vedteke si prioritering, noko som har gjeve eit redusert grunnlag for å fatta vedtak.

Det har også vore eit problem at søknader der Hardangerkommunar er sokjar saman med kommunar utanfor Hardanger har gått direkte til Fylkesmannen utan å vera del av søknaden som Hardangerrådet har prioritert.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet avsluttar si koordinerande rolle i søknadsprosessen for skjønsmidlar frå Fylkesmannen.



Møtedato 22.01.2020

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 04/20 Godkjenning av vedtekter for Hardanger ungdomsråd

Saksvedlegg: Melding om vedtak Hardanger Ungdomsråd 05.12.19

Saksutgreiing:

Hardanger ungdomsråd (HU) har frå 2019 invitert Voss ungdomsråd som deltar i Hardanger ungdomsråd. I HU sitt møte 5.12. vart vedtektena for HU drøfta og vedlegget viser det vedtekne forslag til nye vedtekter.

Føreslegne endringar er merka med raud tekst.

Iflg. §7 skal vedtektena godkjennast av Hardangerrådet.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet godkjenner reviderte vedtekter som gjeldande for Hardanger og Voss Ungdomsråd frå 2020.

HU-sak 37/19

**Nye vedtekter for Hardanger Ungdomsråd i framtida?
Med nye kommunar må dei endrast.**

Vedtak:

Forslag til nye vedtekter oppdatert i møtet. Endringar i raudt
Vedtektena vert sendt til Hardangerrådet for godkjenning.

Vedtekter for Hardanger **og Voss Ungdomsråd**



**Godkjende i Hardangerrådet 12.02.2010, oppdatert 07.02.2019
Forslag til endring frå 2020**

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Hardanger **og Voss** Ungdomsråd er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i Hardanger **og Voss**

1.2 Føremål

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i Hardanger **og Voss**
- Vera eit forum for utveksling av erfaring i dei kommunale ungdomsråda.
- Å vera orientert om dei viktigaste sakene i Hardanger **og Voss**, gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Å vera eit overordna organ for alle ungdomsråda i Hardanger **og Voss** i saker som vedkjem dei unge.
- Setje søkelys på å skapa identitet til Hardanger **og Voss**, og på ungdomsfråflyttinga.
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.
- Tilretteleggja arenaer der ungdom generelt i Hardanger **og Voss** får uttale seg om saker.

1.3 Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sine oppgåver er m.a.:

- Å vera ein møteplass **og samarbeidsarena** for ungdomsråda i Hardanger **og Voss**.
- Å fordele midlar til tiltak av interesse for ungdom.
- Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant born og unge i Hardanger **og Voss**.
- Å skapa møteplassar for ungdom i Hardanger **og Voss**.
- Å etablera ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem born og unge.

§ 2 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Val

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd har medlemmer frå alle ungdomsråda i Hardanger **og Voss**, i aldersgruppa 13 - 19 år.
- Kvart ungdomsråd skal stilla med leiar **og nestleiar** som representantar, og varamedlem møter etter særskild innkalling

2.2 Konstituering

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar vert valde av dei unge.
- Sekretærfunksjonen vert lagt til Hardangerrådet sitt sekretariat

§ 3 Koordinator for Hardanger og Voss Ungdomsråd

Hardangerrådet oppnemner ein **koordinator** til Hardanger **og Voss** Ungdomsråd. I tillegg til kontaktpersonen er det ynskjeleg at rådsordførar i Hardangerrådet deltek på Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sine møter.

3.1 Hardanger **og Voss** Ungdomsråd ynskjer at **koordinatoren** sine oppgåver er:

- Hjelpa ungdomsrådet med å etablera nødvendig kontaktnett med kommunane.
- Syrgja for at saksdokument i aktuelle saker vert sendt til medlemmene og varamedlemmene i Hardanger **og Voss** Ungdomsråd minst ei veke før ungdomsrådsmøta.
- **Skriva utkast til årsmelding**
- Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet.
- Ha ansvar for opplæring.

§ 4 Møteverksemد

4.1 Møte

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd skal ha minst 4 møte pr år. Ellers kan rådet ha møter etter behov. Møta skal gå på omgang mellom kommunane/herada.
- **Møta i Hardanger og Voss Ungdomsråd er opne møter og medlemmer i dei kommunale ungdomsråda vert oppmoda om å møta som observatør om det passar.**

4.2 Referat

- Det skal først referat over Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sine møter.

4.3 Sakskunnskap

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd kan invitera politikarar, administrasjon eller andre til rådsmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

4.4 Møteplan

- Hardanger **og Voss** Ungdomsråd skal setta opp sin eigen møteplan for kvart kalenderår. Den skal sendast til Hardanger **og Voss** Ungdomsråd sine medlemmer og alle kommunane i Hardanger **og Voss**.

§ 5 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av referat
4. Behandling av saklista
5. Ymse

Årsmelding skal liggja føre og godkjennast på siste møte i skuleåret. Arbeidsplan med saker til oppfølgjing for neste år, skal leggjast ved protokollen.

§ 6 Val

6.1 Val

- Val av leiar og nestleiar følgjer skuleåret med val seinast 1.november.

§ 7 Evaluering av vedtekten

Vedtekten skal takast opp til vurdering av Hardanger **og Voss** Ungdomsråd minst annankvart år, med fyrste vurdering mot slutten av fyrste periode, og godkjennast av Hardangerrådet.

NOTAT – VOSS HERAD, DELTAKING I HARDANGERRÅDET

I drøfting i Hardangerrådet 12.12.19 var det klart at Hardangerrådet ynskjer å ha eit Hardangerråd som består av kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik – med tilslutnad frå Voss.

Me er også interesserte i eit samarbeid med Sogn, evt også Sunnhordland og/eller andre tilstøytande kommunar. Men då av tematisk karakter, i form av samarbeid mellom sjølvstendige regionråd.

Bakgrunn for drøftingane er fellesnemndvedtaket til Voss herad i februar 2019, og drøftingar mellom ordførarane den 19.11.19 på Solstrand.

Voss herad sitt fellesnemnd-vedtak (sak 9/19 – 26.02.19):

Vedtak:

1. *Voss herad skal ta del i eit regionalt samarbeid. Fellesnemnda ynskjer eit breitt samarbeid med kommunar i indre delar av Vestland. Hardangeridentiteten er ein viktig del av Voss herad, og difor er det særleg viktig med eit samarbeid med dei andre kommunane i Hardanger.*
2. *Vidare vil eit breiare samarbeid òg mot Sogn, styrka heile regionen, og difor vil fellesnemnda vera positiv til å etablera eit regionalt samarbeid for Hardanger, Voss og Sogn.*
3. *Fellesnemnda ønskjer at det vert etablert eit nytt regionalt samarbeid. Samarbeidsform og organisering vert å koma attende til.*

På bakgrunn av dette ynskjer Hardangerrådet å avklara om Voss herad ynskjer å tiltre i eit nytt regionalt samarbeid som (berre) omfattar Hardanger og Voss.

Underteikna tok dette opp i telefonsamtale med Vossaordførar Ringkjøb. Notat etter samtale med Hans Erik Ringkjøb 23/12:

Ringkjøb avklarte at Voss *ynskjer* å tiltre Hardangerrådet. Eit samarbeid med Sogn eller andre regionar vert av «tematisk karakter», men det er eit ynskje å styrkja slikt samarbeid, slik at indre Vestland vert ei sterkeare kraft.

Voss herad preserer at dei *ikkje* ynskjer å tiltre eit råd der Voss sin medlemskontingent vert på eit nivå som dagens driftsmodell legg opp til. Voss herad vurderer det slik at at kostnad ikkje vil stå i forhold til nytte. Kontingensten må vera monaleg lågare.

Underteikna konkluderer difor med at me har tre alternativ:

1)

- *Voss herad vert medlem av Hardangerrådet.*
- *Voss herad betalar kontingenet etter same mal som dei andre kommunane. Det føreset at driftsmodellen til rådet vert endra, slik at kostnadane går kraftig ned.*

2)

- *Voss herad vert medlem av Hardangerrådet.*
- *Voss herad sin andel av kontingeneten vert rekna ut på ein måte som gjer at andelen vert forholdsvis lågare enn andelen til dei andre kommunane i rådet.*

3)

- *Voss herad vert ikkje med i Hardangerrådet.*
- *Dei andre kommunane held fram, driftsmodellen vert opp til medlemene.*

Dette kjem opp som tema i neste rådsmøte.

Norheimsund 15.01.20,

Torgeir Næss

Rådsordførar Hardangerrådet.